



Strategisk Næringsplan for Fjell

2004 - 2007

Med kommunestyret sitt vedtak 17.06.04

Innleiing: Bakgrunn for planarbeidet

Komite for plan- og utvikling vedtok i møte 09.12.03 sak 30/03 oppstart av arbeidet med ein strategisk næringsplan for Fjell. KPU har vore politisk styringsgruppe for arbeidet. Likeins vedtok komite for drift og komite for finans og forvaltning saka i møte 20.01.04, med vekt på deira representasjon i arbeidet.


Fjell kommune utarbeidde i 1992 sin første strategiske næringsplan. Denne har vore revidert fleire gonger etter det, men frå 2001 og til no har Fjell mangla eit slikt overordna styringsdokument i nærings-samanheng. Denne planen er utarbeidd for å bøte på dette.

Planen har 2 geografiske hovudperspektiv: eit kommunalt og eit regionalt. Det regionale er i hovudsak avgrensa til Sotra/Øygarden, men også Bergen er med i dette perspektivet.

Mandat for arbeidet er vedlagt.

Organisering og arbeidsform

Planarbeidet har vore organisert slik:



Den politiske arbeidsgruppa har hatt det ”daglege ansvaret”. Gruppa har hatt 11 møte. Av desse har 4 vore bransjevise møte med representantar for næringslivet. Ein arrangerte også eit heildags arbeidsseminar med representantar for næringslivet. I tillegg arrangerte gruppa ei open høyring 1.juni om planarbeidet som avslutning på sitt arbeid. Vest Næringsråd v/ dagleg leiar har teke del i alle møta. Etter den opne høyringa vart endeleg plandokument frå gruppa utarbeidd for formell politisk handsaming i komite for plan- og utvikling 8.juni, og i kommunestyret 17.juni 2004.

I tillegg til den nære og direkte kontakten med næringslivet og VNR vart det også innleiingsvis gjennomført ein omfattande spørjeundersøking blant næringsverksemdene i Fjell. Resultatet av undersøkinga er referert seinare i planen, og ligg som vedlegg bak i planen.

Næringsplanen er meint å verte oppdatert gjennom årlege rulleringar på same måten som dei andre sentrale styringsdokumenta i kommunen. I rulleringsarbeidet ser ein det som naturleg å samarbeide med VNR/ representantar for næringslivet.

Kommunestyret sitt vedtak

Kommunestyret gjorde i møte følgjande vedtak i sak 098/04:

1. Kommunestyret er samd i dei mål og tiltak som Strategisk Næringsplan 2004-2007 inneheld, og vedtek planen som Fjell kommune sitt overordna næringspolitiske styringsverktøy i planperioden. Det er ein føresetnad at kommunestyret på eit seinare tidspunkt tek stode til oppretting av dei fonds som er omtalt i planen.
2. Den politiske arbeidsgruppa, som har hatt ansvaret for å utarbeide planen, skal også ha ansvaret for å halde planen ajour. Dette arbeidet skal skje i nær kontakt og forståing med komite for plan- og utvikling og kommunestyret

Del I: Fjell kommune og næringslivet

Folkesetnad


Fjell kommune er ein spesiell kommune. Innbyggjartalet nærmar seg 20.000, - ein 3 –dobling på litt meir enn 30 år. Det gjer kommunen til den raskast veksande i Noreg over denne perioden. Av di mykje av veksten skuldast innflytting av unge bornefamiliar frå nabokommunen Bergen, er det også den av dei litt større kommunane i landet som har den yngste folkesetnaden.

Aktiviteten i kommunen har vore høg i heile denne perioden, og syner ingen teikn på ”ro”. Folketalet aukar jamnt, og bustadbygginga er framleis på eit særst høgt nivå. Litlesotra er ”tyngdepunktet” med ca. halvparten av folketalet og bustadbygginga. Det har likevel vore ei endring i retning av mest vekst i dei austre og nordlige delane av Store Sotra

Kommunen grensar til Sund, Øygarden, Bergen og Askøy. Utviklinga og rammeføretnadene for næringsutviklinga er mykje knytt til tilhøva og utviklinga i desse kommunane, som også er i vekst.

Den raske og sterke utviklinga har ført til at infrastrukturen i form av vegar, vatn, avlaup m.v. ikkje heilt har ”følgd utviklinga”. Dette har ført til store etterslep og vanskeleg tilhøve m.o.t. standard, kapasitet og tryggleik på vegane. Dette gjeld både internt i kommunen og i høve nabokommunane. Situasjonen har etter kvart vorte slik at også næringslivet er uroa over utviklinga.

Næringsstruktur og –utvikling




Figur 1: Yrkesstruktur 1990 og 2001. Kjelde: SSB/ Folketeljningane.

I løpet av 2001 var tal yrkesaktive litt meir enn 10200 personar. I perioden mellom folketeljningane i 1990 og 2001 auka tal sysselsette over året med nesten 3000 personar eller 41%. (Til kvar tid på året vil tala vere noko lågare).

Dette gjeld personar med bustad i Fjell, og arbeidsstad i Fjell eller annan kommune. Av dei yrkesaktive med bustad i Fjell fordelte arbeidsplassane seg slik geografisk

- 42% jobbar i Fjell
- 45% i Bergen
- 2% i Sund
- 1,3% i Øygarden
- 0,4% i Askøy



Figur 2: Arbeidsplass-struktur i 2001. Kjelde: SSB/ Folketeljinga.

Figuren over viser næringsstrukturen på arbeidsplassene i Fjell kommune i november 2001. Samanliknar ein dei 2 figurane, ser ein at ein relativt større andel for industrinæringa (ekskl. olje) internt i kommunen (17,8% v.s. 13,5%). Likeins var andelen med arbeid innfor varehandel og hotell- og restaurantverksemd vesentleg lågare internt i kommunen enn for heile den arbeidsmarknaden Fjell-sokningane var sysselsett i (14,2% v.s. 18,1%). Elles var fordelinga på næringar mykje det same.


Av dei 6973 arbeidsplassane internt i Fjell kommune som folketellinga då registrerte, var det Fjell-sokningar på 58,2%. Blant dei meir enn 40% som kom frå andre kommunar, var fordelinga slik:

- 62% frå Bergen (1626)
- 17% frå Sund (441)
- 9% frå Øygarden (229)
- 6% frå Askøy (160)
- 6% frå andre kommunar

Om prognosane for folketalsutviklinga er haldbare, vil auken i tal personar i yrkesaktiv alder vere mellom 200 og 300 kvart år i planperioden.

Tal verksemdar var på starten av 2004 om lag 575. Talet har aukt særleg sterkt dei siste 10 åra.

Tilhøva på arbeidsmarknaden



Figur 3: Utvikling i tal heilt arbeidsledige. Januar 2002-oktober 2003. Kjelde: Aetat

Talet heilt ledige var **409 personar** ved slutten av året. Dette var **4%** av arbeidsstyrken. Ser ein heile 2003 under eitt, var tal heilt ledige 416. Samanlikna med 2002 var desember-talet 11% høgare i 2003, og medeltalet for heile året 22% høgare. Dette vert illustrert i figuren ovafor. Sjølv om arbeidslausa såleis har vore relativt høg, så har det vore positive teikn på slutten av året. Situasjonen i Fjell har vore mykje lik situasjonen i nabokommunane. Utviklinga har vore mest negativ innan yrkesgrupper som arbeider med leveranser til oljeindustrien, innan produksjonsverksemd knytt til fiskeoppdrett, anleggsverksemd og merkantile yrker. Ei positiv utvikling innafør varehandelen har vore viktig for å redusere dei negative utviklingstrekk. Sterkt redusert rentenivå har truleg også vore positivt.

Nokre sentrale problemstillingar

Som nemnt vart det gjennomført ei større spørjeundersøking blant verksemdene i kommunen i samband med dette planarbeidet. (spørjeskjema med meir detaljerte tilbakemeldingar vedlagt).

Tilbakemeldingane frå spørjeundersøkinga, og direkte frå dei bransjevise møta med næringslivet gjev grunnlag for m.a. følgjande vurderingar:

- Betre kommunikasjonar vert vurdert som heilt avgjerande for utviklinga i næringslivet i Fjell.
- Det er viktig med ei styrking i kommunen sitt servicenivå ovafor næringslivet. Særleg gjeld dette å støtte næringslivet sitt behov for å kunne føresjå / sjå ei linje i kommunale avgjerder.
- Næringslivet vurderer auka regionalt samarbeid mellom kommunane som særst viktig. Dette gjeld særleg samarbeidet med Sund, Øygarden og Bergen.
- Næringslivet er ikkje så mykje oppteke av sjølve forma for samarbeid, anten det gjeld internt i kommunen eller mellom desse. Det viktigaste er at det fungerer i høve deira behov.
- Plassering i Fjell kommune er særst gunstig marknadsmessig, og Bergen er den klart største marknaden.

- Næringslivet er gjennomgåande optimistiske m.o.t. utviklinga i framtida. Men ein ser samtidig klare ”truslar” i dette perspektivet, og er oppteken av å ha kommunen som støttespelar og samarbeidspartnar.
- Ein ser behov for auka kommunalt engasjement, samstundes som kommunen primært vert vurdert som ein tilretteleggar, og ikkje som ein meir aktiv aktør i høve direkte næringsutvikling.
- Breidden i behovet for kommunal tilrettelegging er stort. Det inneber også at ein ønskjer kommunen som ein sentral aktør og samspelar i høve utdanning, forskning m.v.
- Tilbod innan kultur og tilbod av aktiviteter / kjelder til oppleving vert vurdert som ein stadig meir viktig føresetnad for ei positiv utvikling i næringslivet, og som eit direkte innsatsområde for ny næringsverksemd.

Del II: Mål og tiltak

I samsvar med dei premissane og utfordringane som går fram av situasjonen for næringslivet, situasjonen på arbeidsmarknaden og elles i Fjell-samfunnet, har det vore naturleg å sette følgjande mål for kommunen, tiltak for å realisere dei.

Overordna mål:

Fjell kommune skal vere ein aktiv og påliteleg samarbeidspartnar for næringslivet i kommunen, slik at ein saman kan sikre sysselsettinga gjennom utvikling og vekst i eksisterande og nye arbeidsplassar og –næringar

Delmål:

Kommunen som tilretteleggjar og utviklar av eit betre transportnett, betre kommunikasjonar og anna tenleg infrastruktur

Delmål 1

Fjell kommune skal prioritere utvikling og tilrettelegging av eit tenleg transportnett, ein infrastruktur og eit kommunalt servicetilbod som best mogleg er i samsvar med næringslivet sine behov.

Merk: Tiltaka er som regel ikkje presisert i detalj m.o.t. tid for gjennomføring, oppfølgingsansvar m.v. Dette vil verte gjort gjennom konkrete saker til handsaming og avgjere i dei aktuelle komiteane og kommunestyra.

Tiltak 1.1:: Utvikle kommuneplanen sin arealdel slik at kommunen til ei kvar tid har **næringsareal** som i kvalitet, plassering, tilrettelegging og storleik er i samsvar med næringslivet sine behov. Dette skal også vere eit prioritert tema i kvar rullering av planen.

I planarbeidet skal ein m.a. arbeide etter følgjande føresetnader:

- Dei eksisterande næringsområda har i utgangspunktet tilstrekkeleg kapasitet til å dekkje størstedelen av behovet for nye næringsareal i planperioden. Ved vidare utvikling av kapasiteten i kommunen skal ei utviding av næringsområdet på Tellnes ha høg prioritet. Likeins må Vindeneskvarven ha høg prioritet som potensielt område for nye og større næringsstiltak.
- Ein skal tenkje næringsområde som gjev høve til samlokalisering og nettverksbygging mellom komplementære verksemdar ("Cluster").
- Ein skal søkje samarbeid med Sund og Øygarden for å vurdere ein felles strategi.
- Ein skal arbeide for klårare avgrensning mellom næringsområde og område for anna utvikling, slik at ein t.d. unngår konflikt mellom næringsføremål og bustadbygging.
- Næringslivet må få høve til deltaking og vere sentralt i utarbeiding og høyringsprosess i planarbeidet.
- Komite for plan- og utvikling, Kommunestyret og ordføraren har eit særleg ansvar i denne samanheng.

Tiltak 1.2:

Samarbeida aktivt med aktørane i Sambandet Sotra/Øygarden- Bergen A.S, Statens vegvesen Hordaland og Hordaland fylkeskommune i høve sentrale styresmakter for å realisera eit **betre kollektivtilbod** og eit **nytt fastlandssamband** så snart som mogleg.

Samarbeidet skal ha basis i Sambandet sine vedtekter og føresetnader, og skje i forståing med dei andre eigarane i selskapet, styret og selskapet sine prosjektplanar.

Tiltak 1.3:

Samarbeida med nabokommunane om å realisere **nye og betre kommunikasjonar** internt i Sotra/ Øygarden ("Veg i Vest"), og sikre ei finansiering som gjer at arbeidet vert igangsett snarast mogleg.

Særleg viktige prosjekt i denne samanheng vil vere

- Knarrevik-krysset
- Hovudvegen (Rv 561) mellom Fjell og Øygarden / Sund.
- Påkjøringsløysingar til Rv 555 i Drotningvik
- Strekninga Storskaret – Trafostasjonen v/ Rv 555.

Gode finansieringsformer og –vilkår vil vere heilt sentrale i denne samanhengen. Likeins kontakt, påvirkning og samarbeid med sentrale og regionale styresmakter.

Tiltak 1.4:

Samarbeide med HSD Buss, Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Sambandet Sotra/Øygarden – Bergen A.S om å etablere eit **betre kollektivtilbod** mellom Sotra/Øygarden og Bergen. Likeins samarbeid med HSD og lokalt næringsliv om betre interne samband i regionen.

Særleg vektlegging:

- Betring av frekvensen Straume - Bergen sentrum
- Rabattordning med særleg rabatt i rushtida (jfr. miljøkort-ordningar).
- Service-buss med Straume sentrum som knutepunkt. Samordnast med andre/eksisterande kommunale transportordningar.

Arbeidet med kartlegging/ utgreiing skal starte i 2004, med føremål å få tiltak drøfta i budsjett for 2005.

Tiltak 1.5:

Vidareutvikle **levande sentra** i kommunen, i første omgang Straume og Ågotnes, til attraktive sentre med gode løysingar i høve bustader, servicetilbod og kommunikasjonar. Jfr. arbeidet med eigen kommunedelplan for Straume sentrum og reguleringsplan for Ågotnes senterområde.

Viktige moment/ føringar i arbeidet:

- Straume og Ågotnes har også dei største arbeidsplassane i kommunen, og med regional betydning på begge sider av Sotrabraua.
- Sentra må utviklast i forståing med dei fylkeskommunale retningslinene for senterstruktur
- Transport og anna infrastruktur/ -logistikk må gjevast særleg merksemd, m.a. tilrettelegging for såkalla **Parker og Reis**.
- Handlesenter-funksjonane og konkurransekrafta til handelen må vektleggast
- Ein må leggje til rette for aktivitet gjennom mesteparten av døgeret ved å kombinere handel og service med andre funksjonar som t.d. bustader.
- Høg arealutnytingsgrad, særleg kva gjeld Straume-området.

Kommunedelplan-arbeidet for Straume skal vere slutført v/ årsskiftet 2004-2005. Kommunedelplan for Ågotnes vil starte opp i løpet av 2005.

Tiltak 1.6:

Samarbeide med næringslivet og Statens Vegvesen Hordaland om lokalisering og finansiering av **informasjonsskilt** for heile Sotra/Øygarden.

Ei aktuell løysing kan vere å plassere 3 skilt i Fjell kommune, - eit i Straume sentrum, eit i Fjell sentrum (mot Sund), og eit nord for Kolltveit-krysset (mot Øygarden).

Ein vil søkje å starte planlegginga av desse tiltaka i løpet av 2005. Samarbeid med næringslivet om finansiering av planarbeid og skilting/ opparbeiding.

Tiltak 1.7:

Utnytte regionen sitt store potensiale for bruk av gass til industriføremål og i private hushaldningar. Utgreie grunnlaget for eit **lokalt / regionalt gass- og energiselskap** som skal legge til rette for distribusjon og bruk av naturgass i regionen. I den samanheng vurderer å få lagt ei gassleidning gjennom kommunen.

Utgreiingsarbeidet vert å starte opp i 2005, mellom anna med grunnlag i tidlegare delutgreiingar. I dette arbeidet må ein søkje samarbeide med sentrale aktørar:

nabokommunane, organisasjonar, kompetansemiljø, næringsinteresser og regionale og statlege styresmakter.

Tiltak 1.8:

Opprette eit **næringsfond**. Avkastninga av fondet skal nyttast til etablering, utvikling, kompetanseheving og marknadsføring.

Sak som inneheld statuttar, finansiering m.v. til kommunestyret i løpet av 2004/ i samband med arbeidet med årsbudsjett for 2005. I utgangspunktet skal fondet ha ein storleik som gjev høve til ei årleg avkasting på ca. 1 mill.kr.

Tiltak 1.9:

Samarbeida med Bergen og omland hamnevesen og Coast Center Base for å utvikla Ågotnes hamn som nasjonal **knutepunkthamn** og som ein del av **Nordsjøkorridoren** til EU.

Det kan vere relevant å sjå framtidig bruk av Vindeneskvarven i denne samanheng.

Føreset aktiv politisk innsats frå kommunen. Det vert å søkje om regionale prosjektmidlar frå EU sitt regionalfond i 2005.

Tiltak 1.10:

Arbeide særleg aktivt for at **industriverksemdene og den oljerelaterte baseverksemda** på Ågotnes får rammevilkår som ivaretek og utviklar arbeidsplassane i området.

Dette er særleg viktig i høve omlegginga som skjer i høve den nye oljemeldinga og omstruktureringa av Statoil si verksemd, og som kan endre føresetnadene for konkurranse mellom dei ulike industri og baseområda langs kysten.

Tiltaket føreset aktiv og systematisk politisk arbeid frå kommunen og lokale politikarar i høve sentrale styresmakter og andre aktørar i denne samanhengen.

Tiltak 1.11:

Legge til rette for gode utviklingsvilkår for **fiske og akvakultur**. Prioritert arbeid i kommunen si planlegging, og særleg fokus i samband med pågåande arbeid med å revidere kommuneplanen sin arealdel.

I denne samanhengen vil næringa få høve til å gje innspel gjennom planprosessen.

Kommunen vil også vurdere andre samarbeidsformer for å vere ein aktiv støttespelar for fiskeri- og havbruksinteressene.

Kommunen som drivkraft og samarbeidspartner i høve kompetansebygging, forskning og utvikling.

Delmål 2

Fjell kommune skal samarbeide med næringslivet for å utvikle lokal utdanning- og forskningskompetanse som ivaretek næringslivet sine behov for stabil rekruttering og auka konkurransekraft, og skulane sine behov for betre og meir fleksible undervisningstilbod

Tiltak 2.1:

Opprette eit **regionalt kompetanse- og formidlingscenter** innan næring og kultur i partnerskap med etablert og sentral forskingsmiljø.

Sentret skal ha fokus på rettleiing, utvikling, utdanning, forskning og marknadsføring gjennom prosjektarbeid i nært samarbeid med nærings- og kulturinstitusjonar. Sentret skal vere eigd av offentleg forvaltning, forskingsmiljø og næringslivet.

Sentret skal finansierast av kommunale midlar avsett til næringsføremål (næringsfondet), og vere på plass i løpet av 2004.

Tiltak 2.2:

Vidareutvikla eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen og Vest Næringsråd. Søkje samarbeid med fylkeskommunen / Fjell Vidaregåande Skule og andre kompetansmiljø, og med aktuelle verksemdar.

Eit hovudmål er å få eit **best mogleg samsvar mellom utdanningstilbodet og næringslivet sine behov**. Kartlegging av kompetansebehov i næringslivet vil vere ein første del av prosjektet, og ta til i løpet av 2004. Sund og Øygarden vil verte invitert til å ta del i prosjektet.

Finansiering på same måten som tiltak 2.1 – over næringsfondet.

Tiltak 2.3:

Samarbeide mellom skulane, VNR og næringslivet om å opprette fleire **elev-verksemdar**. Ein vil søkje å få alle skulane i kommunen som deltakarar i løpet av 2004/ 2005.

Kommunen som drivkraft og samarbeidspartner i utviklinga av det lokale og regionale kulturtilbodet

Delmål 3

Fjell kommune skal søkje samarbeid med dei andre kommunane og næringslivet i regionen for å etablere nye kulturtilbod og gjennom det også skape nye arbeidsplassar.

Tiltak 3.1:

Kartfeste/ regulere og erverve eit større område i skjærgården til eit **nasjonalt hotell-, konferanse- og opplevingscenter** med basis i lokal byggeskikk/ rorbuer av høg kvalitet. Invitere næringsliv nasjonalt og internasjonalt til konkurranse om det beste prosjektet.

Arbeidet med kartfesting skal skje gjennom arbeidet med kommuneplanen sin arealdel (2005). Ein kan tenkje seg erverv/ regulering 2006-2007, og vidare konkretisering i løpet av 2008.

Tiltak 3.2:

Opprette eit **kulturfond**. Avkastinga av fondet skal primært vere retta mot nye kulturtilbod og fremje kulturelt næringsverksemd. Føreset deltaking frå næringslivet i finansieringa.

Oppretting/ finansiering vil verte gjort i samband med Fjell kommune sitt årsbudsjett for 2005. I utgangspunktet skal fondet ha ein storleik som gjev høve til ei årleg avkasting på ca. 1 mill.kr.

Tiltak 3.3:

Skipa ein årleg **regional kulturfestival** i samarbeid med Sund og Øygarden kommunar og regionalt næringsliv. Søkje å kombinere dette med næringsmesse/ næringslivsrelaterte marknadsføringstiltak.

Planlegging i 2004 med målsetting om den første festivalen i september 2005. Delfinansiering over nærings-/ kulturfondet.

Tiltak 3.4:

Utvikla **Fjell Festning** som natur – og opplevingsområde/ reisemål. Samarbeid med lokalt næringsliv. Start på planarbeid haust 2004 i samsvar med vedtak i Fjell kommunestyre 29.04.04.

Parkering og avkjørsle til Rv 561 i starten av prosjektet. Finansiering avklart gjennom pågåande arbeid med investeringsbudsjett 2004 – 07. Eit eige utval vil verte sett ned for å arbeide med vidare planar.

Tiltak 3.5:

Samarbeide mellom Fjell kommune og lokalt næringsliv om å utvikle og etablere eit **kulturbygg/ opplevingssenter** på Straume. Gjennom sentret skal ein formidle kunst i alle former, t.d. konserter, teater og galleriverksemd. Senteret skal også gje eit breitt kulturtilbod til barn og ungdom med utgangspunkt i eit eige ungdomshus.

Det vert å starte opp eit forprosjekt hausten 2004.

Tiltak 3.6:

Opprette eit **turist- og informasjonskontor** for regionen. Samarbeid mellom Fjell kommune og lokalt næringsliv, med sikte på etablering hausten 2004.

Kommunen som samarbeidspartner, koordinator og kontaktpunkt i høve internasjonale engasjement av regional betydning.

Delmål 4

Fjell kommune skal, saman med nabokommunane, arbeidet for å ivareta regionen sine interesser i høve internasjonale utviklingsprosjekt. Ein skal ha særleg fokus på utviklinga i EU i denne samanhengen.

Tiltak 4.1:

Vidareføre og vidareutvikle medlemsskapet i Vest-Noregs Brusselkontor for å marknadsføre regionen og næringslivet her. **Etablere regionale samarbeidsprosjekt i EU** retta mot næring, kultur, forskning og offentleg verksemd. Prosjekta skal bidra til nyetablering, marknadsføring og vidareutvikling av lokalt og regionalt næringsliv

Møte mellom regionalt næringsliv og kommunen/ andre partar minimum kvart år. Første møte under planlegging for hausten 2004.

Kommunen har som siktemål at tiltaket skal realisere minimum eitt nytt prosjekt kvart år.

Tiltak 4.2:

Arbeide for samla regional deltaking på nasjonale og internasjonale nærings- og utdanningsmesser.

*****'

Vedlegg 1: Mandat for arbeidet

1. Det vert å utarbeide ein strategisk næringsplan for Fjell kommune. Planen skal gjelde for 4-årsperioden 2004- 2007.
2. Planarbeidet skal skje i nær forståing og samarbeid med representantar for næringslivet i kommunen.
3. Planarbeidet skal primært ha fokus på næringsutvikling i Fjell kommune. Planen skal også ivareta eit regionalt perspektiv. Kva tema ein skal fokusere på og deltakinga i arbeidet må organiserast i samsvar med dette.
4. Styringsgruppa har ansvaret for kva tema som skal prioriterast i arbeidet, og kva vekt og fokus dei ulike tema skal ha. Ei skal likevel minimum ha fokus på gjensidige krav og forventningar mellom kommunen og næringslivet, og på korleis samarbeidet her kan utviklast og betrast slik at det tenar begge partar. Ein skal også ha ei grundig vurdering av potensialet for eit tenleg og resultatskapande samarbeid mellom Fjell kommune og andre kommunar, og ha konkrete evt. alternative framlegg til korleis næringsarbeidet kan organiserast i høve nabokommunane.
5. Arbeidet skal fokusere på eit utval av konkrete satsingsområde. Satsingsområda kan både vere definert geografisk og/ eller t.d. type næring.
6. Planen skal innehalde eit oversyn over status, utviklingstrekk og sentrale problemstillingar for næringslivet og kommunen. Den skal vidare innehalde klare målsettingar for utviklinga vidare, og konkrete tiltak i denne samanhengen.
7. Det skal gå klart fram av planen kven som skal ha ansvaret for iverksettinga av dei ulike tiltaka, og tidspunkt/ tidsplan for dette. Den skal også vise kostnader og kostnadsdekning.
8. Komite for plan- og utvikling skal vere løpande orientert om utviklinga i planarbeidet, og ha høve til innspel undervegs. Planen skal slutthandsamast i Fjell kommunestyre og evt. andre organ som vert naturleg i samsvar med deltaking og tema i planarbeidet. Fjell kommunestyre skal ha planen til handsaming i løpet av 2.kvartal 2004.
9. Vurdere areal for industri / næringsføremål som innspel til arealplan-arbeidet.
10. Vurdere problemstillingene
 - industri – bustadbygging
 - industri – forretningsverksemd

Spørjeskjema- tilbakemelding til Fjell kommune

Oppsummering på grunnlag av 39 innkomne svar.

1. Kommunar tenkjer næringspolitikk på ulike måtar. Grad av merksemd, aktivitet og samarbeid varierar frå kommune til kommune. Til vanleg vektlegg ein mellom anna innsats i høve følgjande satsingsfelt:

- Tilrettelegging av næringsareal / næringsområde.
- Fokus på **handsamingstida** av planar, byggesaker m.v.
- **Informasjon og opplæring** innafør viktige tema
- Direkte **økonomisk støtte** til prioriterte verksemdar og bransjer, t.d. gjennom næringsfond
- Tilfredstillande **tenestetilbod** av skular, barnehagar og andre institusjonar
- Gode **kommunikasjonar** og samferdsletilhøve

a) Korleis meiner de at prioriteringa mellom desse satsingsfeltene bør vere i Fjell?

1: Kommunikasjonar

2: Tilrettelegging

3: Handsamingstid

4: Tenestetilbod

b) Andre satsingsområde for kommunen i høve næringslivet som de meiner er særleg viktig:

1: Betre kommunal service / betre dialog i sakshandsaminga/ meir imøtekommande.

2. Er det viktig med eit nært samarbeid i nærings spørsmål mellom kommunane Fjell, Sund og Øygarden? Dykkar synspunkt:

Gjennomgåande klart positive tilbakemeldingar

3. Er det andre kommunar som det er viktig at Fjell kommune samarbeidar med i nærings spørsmål? Namn og kort grunngjeving

1: Bergen

2: Askøy

3: Andre

4. Kommunen sine næringslivsretta funksjonar vert i dag ivareteken av ordførar (tiltaksleiar) og nærings sjef (under rådmannen). Sund og Øygarden er ikkje lengre med i AktiVest. Selskapet er ikkje operativt p.t., men eksisterer framleis som selskap knytt til Fjell kommune.
Er det tenleg for dykkar verksemd/ næringslivet sine behov om kommunen byggjer vidare på desse funksjonane, eller har de framlegg til andre og betre måtar å gjere dette på?

Ikkje stor merksemd/ svarprosent på dette spørsmålet.

Fleire positive enn negative til ein AktiVest-modell.

Også VNR si rolle var framheva.

Viktigare med godt samarbeid mellom kommune og næringsliv, enn med måten dette vert gjort på.

5. De/ dykkar verksemd er i dag registrert i Fjell. Kan de seie litt om årsaka til val av lokalisering?

Marknadsposisjon og beliggenhet heilt dominerande årsaker.

6. Andre kommentarar

Dei fleste tilbakemeldingane kan ein lese av pkt. 1-5.

Type verksemd (X): Varehandel **3** . Anna serviceverksemd **7**
 Industri/ produksjon **3** Bygg/ anlegg **5**
 Fiskeri/landbruk **1** Olje/gass/offshore **7**
 Anna **5**

Viktigaste kundegrnlag: Lokalt i Fjell **9** Sotra/Øygarden **7**
 Bergen/ landet elles **19** Internasjonalt **5**

Tal tilsette: 0-5: **7** 21-50: **5**
 6-10: **6** 50-100: **3**
 11-20: **4** 100 + : **3**